

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033, HistSak - 11/582	15/754

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2015	Valnemnda	PS	24.11.2015
136/2015	Kommunestyret	PS	10.12.2015

Val av representant til Vassregionutvalet i Hordaland for valbolken 2015 - 2019

Vedlegg:

Oppnemning av kommunale representantar til Sogn og Fjordane vassregionutval

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Representant til Vassregionutvalet i Hordaland for valbolken 2015 – 2019 er:

representant

parti vararepresentant

parti

Det vert ikkje oppnemnt representant til Vassregion Sogn og Fjordane for valbolken 2015 – 2019. Masfjorden kommune ønskjer difor å bli kontakta når problemstillingar i vårt område vert drøfta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta) set krav om organisering av vassregionutval under leiing av vassregionmynda jf §§ 22 og 23 i forskriftena. Hordaland fylkeskommune er vassdragsmynde for Hordaland vassregion og Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassdragsmynde for Sogn og Fjordane vassregion. Vassregiongrensene føl nedbørsgrensene og ikkje dei administrative fylkesgrensene, og Sogn og Fjordanes vassregion omfattar berre marginalt område i Masfjorden.

Masfjorden kommune er oppfordra til å velje representant til begge vassregionutvala.

Fakta

For den valperioden me no går ut av, valde kommunestyre og oppnemne ordførar som representant med varaordførar som vara for Vassregionutvalet i Hordaland. Kommunestyret valde å ikkje oppnemne representant for Vassregionutvalet i Sogn og Fjordane; berre be om at kommunen vart kontakta når problemstillingar i vårt område vart drøfta.

Konklusjon

Kommunestyret vel representant med vara til Vassregionutvalet for Hordaland.

Valnemnda - 017/2015

VA - behandling:

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) la fram forslag om at ordførar Karstein Totland (H) og varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) vart valt som representant og vararepresentant til Vassregionutvalet i Hordaland for valbolken 2015-2019.

Det vert ikkje oppnemnt representant til Vassregion Sogn og Fjordane for valbolken 2015-2019.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke (6 røyster).

VA - vedtak:

Representant til Vassregionutvalet i Hordaland for valbolken 2015 – 2019 er:

representant	parti	vararepresentant	parti
Karstein Totland	H	Torill Torsvik Størkersen	Ap

Det vert ikkje oppnemnt representant til Vassregion Sogn og Fjordane for valbolken 2015 – 2019. Masfjorden kommune ønskjer difor å bli kontakta når problemstillingar i vårt område vert drøfta.

Kommunestyret - 136/2015

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Representant til Vassregionutvalet i Hordaland for valbolken 2015 – 2019 er:

representant	parti	vararepresentant	parti
Karstein Totland	H	Torill Torsvik Størkersen	Ap

Det vert ikkje oppnemnt representant til Vassregion Sogn og Fjordane for valbolken 2015 – 2019. Masfjorden kommune ønskjer difor å bli kontakta når problemstillingar i

vårt område vert drøfta.